LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Lindås Kommune v/Eigedomsavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/80 - 15/538

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
12.01.2015

# Ferdigattest for utomhusplan,leskur,trafo, bygg for miljøstasjon og varmepumpe på gbnr 195/76 Leiknes skule

**Administrativt vedtak. Saknr:**

**Tiltakshavar:** Lindås Kommune v/Eigedomsavdelinga
**Ansvarleg søkjar:** Norconsult AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert [dato]. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.
Det vert elles vist til søknad motteken 14.11.2014 og supplert 16.12.2014.
Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Leknesvegen 117 |
| Bygningstiltak: | Utomhusplan,leskur,trafo, bygg formiljøstasjon og varmepumpe |

VEDTAK:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for utomhusplan,leskur, trafo, bygg for miljøstasjon og varmepumpe på gnr. 195, bnr. 76.**

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.
Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/80 og 14/4536, historisk database (Ephorte) 2013/743 og 2010/2181.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tor Hegle<br>einingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norconsult AS v/Waldemar Solheim | Pb. 1199 | 5811 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lindås Kommune v/Eigedomsavdelinga | Kvernhusmyrane 20 | 5914 | ISDALSTØ |